



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.10.2014
Vår ref.: 2014/10244
Arkivnr.: 521.1

Gjesdal kommune
Rettedalen 1
4330 Ålgård

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Gjesdal kommune 2014

Vi viser til brev datert 21.01.2014, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2014. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Gjesdal kommune i løpet av hausten 2014. Vi ynskjer med dette brevet å informere om kontrollen, samt å fastsetje dato for denne.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, og vi har mellom anna valt å rette kontrollen mot kommunar som er store på landbruk. Gjesdal er ein relativt stor landbrukskommune. Ser vi på ressursar i landbruksforvaltninga i høve til tal søkjarar, kan det også sjå ut til at desse er relativt knappe. Dette er bakgrunnen for at vi har valt å trekke ut Gjesdal som ein av kommunane for kontroll i år.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Som tema for kontrollen vil vi å sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. Her kan tema som driftsfellesskap og reaksjonar ved avvik vere relevant. Vi vil og sjå på korleis kommunen forvaltar ordninga med skog, inkl. NMSK og foryngingsplikta, og sjukdomsavløysing.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ynskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09:00-09:30 Formøte, med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09:30-14:00 Intervju/gjennomgang av dokument

14:00-15:00 Sluttmøte, med oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og sakshandsamarar. I tillegg er det eit ynskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta gjennom heile møtet.

Frå Fylkesmannen vil ass. landbruksdirektør Geir Skadberg møte i tillegg til sakshandsamarar på dei ulike fagområda.

Forslag til dato for kontrollen

Vi har fire forslag til datoar for kontrollen;

- 27.11.2014
- 28.11.2014
- 05.12.2014
- 12.12.2014

Vi håpar at ein av desse datoane passer, og ber om tilbakemelding på dato innan 27.10.2014.

Ta kontakt dersom det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Geir Skadberg
ass. landbruksdirektør

Linn Borsheim
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Linn Borsheim
Saksbehandlar telefon: 51568924
E-post: fmrolbo@fylkesmannen.no